



Fylkesvise midlar til utgreiings- og tilretteleggingstiltak

Fylkesmannen forvaltar midlar til utgreiings- og tilretteleggingstiltak (UTM). Tilskotet skal bidra til auka matproduksjon, utvikling og modernisering av det tradisjonelle landbruket og utvikling av andre landbruksbaserte næringar. Tiltak som gjeld utvikling av økologisk landbruk, kan også få tilskot av UT-midlane.



Kven kan søke?

- ✓ Organisasjonar
- ✓ Institusjonar
- ✓ Kommunar
- ✓ Ulike former for samarbeidsorgan, hovudsakleg innanfor landbruket.

Kva kan midlane brukast til?

- ✓ Prosjekt som bygger opp under satsingar innan tradisjonelt landbruk eller på andre landbruksbaserte næringar som er i samsvar med regionale satsingsområde
- ✓ Prosjekt som gir optimisme og framtidstru blant aktive næringsutøvarar i landbruket.
- ✓ Kompetanseutvikling retta mot landbruksbaserte grupper, fagmiljø eller klynger.
- ✓ Dette inkluderer prosjekt innan blant anna: Inn på Tunet, reiseliv, lokalmat, frukt, bioenergi, juletre, jakt og fiske, utmark og hest.

Korleis?

- ✓ Søknad leverast primært elektronisk. Søknadsskjema finn du på Fylkesmannen si nettsida under Landbruk og mat/ næringsutvikling på høyre sida i menyen «[søk om utgreiings- og tilretteleggingsmidlar](#)»
- ✓ Søknadsfrist: 10. januar og 10. september 2017

Kriterier ved vurdering av søknader:

- ✓ Prosjektet må vere tydeleg forankra i gjeldande planar; [Regionalplan landbruk](#) eller [Handlingsplan Næring 2017](#).
- ✓ Prosjektet må ha ein effekt på sysselsetting og verdiskaping i landbruket i Rogaland.
- ✓ Støtta må ha ein utløyssande effekt for igangsetjing av prosjektet.
- ✓ Prioriterte prosjekt er dei som:
 - har gardbrukaren, gardsdrifta og gardens samla ressursar i fokus.
 - bidrar til nytenking og kultur for nyskaping og marknadsorientering.
 - bidrar til å utløyse andre ressursar og virkemidlar.

Det gis ikkje tilskot til:

- ✓ Prosjekt i driftsfase
- ✓ Investeringstiltak og bedriftsutvikling på enkeltbruk eller grupper av enkeltbruk.

Stønadsnivå

Stønadsnivået er normalt 50% av godkjend kostnadsoverslag. I særlege tilfelle kan stønadsnivået vere inntil 75%. Det betyr at 50 % (25%) av kostnadsoverslaget må dekkjes av eigne midlar. Eigenfinansieringa kan vere i form av eigne midlar eller eigeninnsats, eventuelt ein kombinasjon av desse to.

Anna

- ✓ Gjeld tiltaket fagmøte, kurs, studieturar etc., viser vi til [Rogaland fylkeskommune sin tilskotsordning «Rekruttering, likestilling og kompetanseheving»](#).
- ✓ Gjeld tiltaket investering og bedriftsutvikling på gardsnivå, viser vi til [Innovasjon Norge Rogaland](#).

Kontaktpersonar:

Annabell Pfluger	tlf 5156 8971	e-post fmroapf@fylkesmannen.no
Eli Munkeby Serigstad	tlf 5156 8962	e-post fmroese@fylkesmannen.no
Elisabeth Schmidt	tlf 5156 8784	e-post fmroesc@fylkesmannen.no
Stein Bomo	tlf 5156 8972	e-post fmrosbo@fylkesmannen.no